



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Sven-Erik Bucht
Näringsdepartementet
103 33 Stockholm

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/1084

2.oktober 2017

Grenseoverskridande reindrift mellom Noreg og Sverige

Eg syner til ditt brev frå 11. juli 2017, der det vert kunngjort at Sverige ikkje vil ratifisere framlegget til ny konvensjon frå februar 2009, underteikna av dei ansvarlege ministrane i oktober same år. Frå svensk side vert det ytra ynskje om at forhandlingane i staden bør takast opp att for å gjere nye forsøk på å kome fram til ei løysing i saka.

Frå norsk side har det vore, og er det framleis, eit stort ynskje å få på plass ein ny konvensjon mellom Sverige og Noreg. Eg må samstundes konstatere at det no har vore arbeid med ein ny konvensjon i nærare 20 år, det vil seie frå det tidspunkt den norsk-svenske kommisjonen starta opp i 1998.

Ut frå dei røynsleane som er hausta i dei svært krevjande prosessane vi har bak oss, er det etter mi meining små utsikter til at nye forhandlingar vil føre til avklaringar som vil leie fram til ein ny konvensjon. Frå norsk side er det difor ikkje aktuelt å gå inn i nye forhandlingar. Det har vore forhandla fram ein avtale som bør gje grunnlaget for å ratifisere ein reinbeitekonvensjon.

I ein situasjon utan ein konvensjon mellom Sverige og Noreg, er tilhøva for den norske reindriften blitt krevjande. Noreg forvaltar framleis våre forpliktingar i samsvar med tidlegare konvensjon. Dette gjer at reindriften i liten grad kan nytte vinterbeiter på svensk side av grensa, og særleg gjeld dette reindriften i Troms fylke. Reineigarane i Troms har vinterstid måtte halde reinen på dårlege beiter på norsk side av grensa, med betydelege utgifter til mellom anna fôring.

Talet på svenske rein som har nytta beitemråda på norsk side har over mange år auka i tal, og bidrege til at driftstilhøva for norsk reindrift er blitt særst vanskelege i desse områda.

Produksjonen i næringa og velferda for dyra er difor truga. Det har frå norsk side vore omfattande reguleringar på den norske reindriften for å få eit dyretal som er økologisk berekraftig og i samsvar med beitegrunnlaget. Norske reineigarar har på bakgrunn av dette vore pålagde å redusere sitt reintal for å tilpasse produksjonen til beitegrunnlaget. Det er uholdbart for norske reineigarar at samstundes som ein sjølv iverset slike tiltak, så flyttar svensk reindrift inn i dei same beiteområda utan nokon form for kontroll over kor mange dyr som nyttar beitegrunnlaget.

I mangel av fungerande reinbeitekonvensjon og av omsyn til ei økologisk berekraftig reindrift, tek eg sikte på å etablere eit lovgrunnlag for å regulere talet på svensk rein på beite i Noreg. Eg legg til grunn at ei slik regulering skal vere tufta på beiteøkologiske berekraftvurderingar, på tilsvarande måte som vi regulerer reintalet elles i Noreg. Svensk reindrift i Noreg vil slik bli likebehandla med norsk reindrift med tanke på maksimalt tillate dyretal på dei norske beita.

Eg reknar med å kome attende til saka med det fyrste, og vil halde deg orientert om dei vidare prosessane på norsk side.

Med helsing



Jon Georg Dale